

Protokoll
Regionrådet Nordhordland – fredag 13. januar

Møte: 1-2023
Tid: Fredag 13. januar kl. 09:00 - 15:00
Stad: Region Nordhordland Helsehus, kunnskapssenter, møterom Nordhordland

Til stades:

Ordfører:	Sara Sekkingstad (Alver), Per Lerøy (Austrheim), Bjørn Solbakk (varaordfører Fedje), Hallvard Oppedal (Gulen), Karstein Totland (Masfjorden), Kjetil Eikefet (Modalen), Lars Fjeldstad (Osterøy), Hege Eide Vik (Vaksdal)
Kommunedirektører:	Ørjan Raknes Forthun (Alver), Bjørnar Fjellhaug (Austrheim), Berit Rystad (Fedje), Svein Helge Hofslundengen (Masfjorden), Jo Bjarne Tømmerbakke (Modalen), Ingvild Hjelmtveit (Osterøy), Atle Fasteland (Vaksdal)
Adm:	Rune Heradstveit, Bent Gunnar Næss
Andre:	Martin Kulild (Alver) Sak 2/23: Tor Martin Misund, Vestland fylkeskommune Sak 6/23: Statsforvaltar Liv Signe Navarsete, Kjell Kvingedal, Egil Hauge, Edvard Høgestøl
Forfall:	Stian Herøy (Fedje), Reidun Halland (Gulen)

Sak 1/23	Godkjenning, møteinnkalling og sakliste Vedtak: Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknadar.
Sak 2/23	Godkjenning protokoll møte 6-2022 Vedtak: Møteprotokoll frå møte 6-2022 vart godkjent utan merknadar.
Sak 3/23	Høyringsmøte Regional plan for fornybar energi i Vestland. Tor Martin Misund, Vestland fylkeskommune presenterte høyringsutkast til « <i>Regional plan for fornybar energi</i> ». Presentasjon vedlagt. Planen finn ein på www.vlfk.no Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling - Vestland fylkeskommune Deretter innspel / dialog. Vedtak: Regionrådet vil ikkje senda inn høyringsskriv på planen, men ber kommunane sjølv vurderer om dei vil gje høyringsfråsegn.
Sak 4/23	Interkommunal plan for sjøareal. Oppsummering m.v. etter høyringa Bent Gunnar Næss orienterte kort om høyringsinnspel som er kome inn. Fleire statsetatar har bedt om utvida frist.

	<p>Vedtak: Regionrådet tar orienteringa til vitande.</p>
Sak 5/23	<p>Oppnemning av medlem og varamedlem til Stiftinga Lyngheisenteret for 2023</p> <p>Vedtak: Regionrådet valte Kjetil Eikefet til medlem i Stiftinga Lyngheisenteret for 2023. Det vart ikkje valt varamedlem for 2023. Når nytt Regionrådet for perioden 2024-2027 vert konstituert til hausten, vert det gjort nytt val av medlem og varamedlem for denne perioden.</p>
Sak 6/23	<p>Møte med Statsforvaltar Liv Signe Navarsete – diverse tema</p> <p>Regionrådsleiar Karstein Totland ønskte Liv Signe Navarsete velkomen som statsforvaltar og takka for at ho sa ja til å koma og treffa regionrådet. Totland orienterte innleiingsvis om viktige oppgåver og tema som regionrådet er opptatt av:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ E39 Vågsbotn - Klauvaneset ▪ Finansieringsmodellen til K5, viktigheita med framdrift av - og å finansiera veg og bane felles ▪ Manglande kraftforsyning til Nordhordland for å kunne vera med på det grønne skiftet ▪ Grøn omstilling generelt / regional næringsstrategi ▪ Interkommunal plan for sjøareal ▪ Kraftskatt <p>Hovudtema i møtet var elles generell informasjon frå statsforvaltar, deretter konkrete tema som strandsoneproblematikk, areal / LNF, dispensasjons- og klagesaker og planprosessen med «Interkommunal plan for sjøareal».</p> <p>Stikkord frå desse tema:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Planarbeid er politikk, og statsforvaltar vil derfor ikkje leggja føringar for planprosessar, men vil gjerne ha dialog på førehand og undervegs. ▪ Dispensasjonssaker er mykje meir juss enn planarbeid, det gir derfor mykje trongare rammer for statsforvaltar i sakshandsaminga. Godkjente planar gir betre rom for å få til gode løysingar. ▪ Statsforvaltar skal først og fremst gripa inn i saker som går mot store nasjonale eller regionale føringar. ▪ LNF-områda er under press, her er det innstrammingar i regelverk, m.a. gjennom arealrekneskap for natur. På dette området kjem ein fort i konfliktsituasjonar mellom ønsket om utbygging kontra å ta vare på. ▪ Solkraftanlegg og satsinga til Eviny – her rådde statsforvaltar til at kommunane tar kontakt med EVINY om denne satsinga. ▪ Arbeid med bærekraftsmål har vorte viktigare, og dette slår inn i mange dokument som areal- og miljørekneskap. Temaet må derfor bli meir omtalt i arealplanar. ▪ Byvekstavtalen – viktig at denne ikkje vert snakka ned. ▪ Det er positivt at regionen lagar felles interkommunal plan for sjøareal. ▪ Statsforvaltar skal laga kommunebilete av alle kommunane for å gje ei vurdering av ulike tenester, dette for å få eit felles bilete og forståing av korleis det står til hos kommunane. Alver vil vera ein «prøvekommune» i dette, og statsforvaltar kjem på besøk om eit par veker. ▪ Statsforvaltar ønskjer å leggja til rette for «lærande tilsyn». <p>Deretter la Per Lerøy og Hallvard Oppedal fram døme på nokre saker der dei meinte at statsforvaltar enten burde ha vore meir imøtekommande for å finna gode løysingar, eller at statsforvaltar bør sjå på / endra praksis. Lerøy peika spesielt på dispensasjonssaker i strandsona og Oppedal peika m.a. på at ein i arealsaker bør få til betre dialog og samarbeid for å finna gode løysingar. Han viste her til den gode dialogen ein har med statsforvaltar innan helse og samfunnstryggleik og beredskap.</p>

	<p>Eit anna sentralt spørsmål er korleis ein skal kunne utvikla distriktskommunane dersom det ikkje kan byggast noko i LNF-område. Skal distriktskommunane behalda folk, må ein av og til kunne byggja utanfor sentra. Her har ikkje landbrukspolitikken greidd å følgja bustadpolitikken. I slike saker er det og viktig at sakshandsamarar kjem ut frå embetet for sjå på sakene i rett miljø. Erfaring viser at praktisk synfaring løyser ein del saker. I slike saker må ein også kunne ta i bruk nye verktøy som dronar og visuelle hjelpemidlar.</p> <p>Statsforvaltar Navarsete understreka at ho set pris på god dialog med kommunar og regionråd, og at det er noko embetet vil prioritera.</p> <p>Vedtak: Regionrådet tok møtet med statsforvaltaren til vitande.</p>
Sak 7/23	<p>Møteplan 2023 Dagleg leiar sender ut kalenderinnkalling for møte i 2023.</p>
Sak 8/23	<p>Eventuelt</p> <p>E39 Vågsbotn - Klauvaneset Baste Tveito frå Nordhordland Næringslag viste til at Statens vegvesen har gitt signal om at dei ikkje har midlar til å starta arbeidet med reguleringsplan i inneverande NTP-periode. Det vil bety at byggjearbeid tidlegast vil kunne skje i 2035, og dermed ny veg kring 2040. Statens vegvesen seier imidlertid også at om dei får tilsegn om planleggingsmidlar er dei klar til å starta med reguleringsarbeid før sommarferien. Tveito var derfor tydeleg på at ein må prøva å finna desse pengane, og viste til bl.a. miljøløftet og Bypakke Bergen. Samferdsledepartementet har stadfesta at gjeldande bompengeproposisjon for Bypakke Bergen Prop. 11 S (2017-2018) opnar for bruk av bompengar til planlegging, prosjektering og grunnverv også knytt til Vågsbotn – Klauvaneset. Tveito meiner at eit reguleringsarbeidet vil kosta i storleik 10 til 15 mill. kroner.</p> <p>Regionrådet har kort tid tilbake sendt skriv til samferdsleminister, fylkesordførar og byrådsleiar om den manglane prioriteringa og framdrifta i dette viktige vegprosjektet. Regionrådet har også bedt fylkesordførar ta initiativ til eit snarleg møte med Bergen kommune.</p> <p>Regionrådet vil følgja opp innspelet til Baste Tveito, og ta ny og direkte kontakt til fylkesordførar og byrådsleiar, og be om eit hastemøte for å drøfta finansiering av reguleringsplanarbeidet.</p> <p>Vedtak: Regionrådet ber om hastemøte med fylkesordførar og byrådsleiar i Bergen for å drøfta løysing med finansiering av reguleringsplanarbeidet til E39 Vågsbotn - Klauvaneset.</p>

Knarvik, 13. januar 2023



Karstein Totland
Leiar
Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit
Dagleg leiar
Region Nordhordland IKS

Vedlegg:
Sak 3/23 Presentasjon Regional plan for fornybar energi